

Åsa Elstad

## *Skiftemateriale, hamskifte og klesskifte*

Når ein arbeider med skiftemateriale er det lett å bli oppglødd over for ei fantastisk kjelde dette er. I den skifteundersøkinga eg har gjort i hovudoppgåva mi, og som eg skal referere frå her, har eg sett på tekstilbruken. Ved å gjennomgå kva folk har gått og stått og lege i kjem ein svært nær meneska, om ikkje innunder så i allfall innpå huda deira. Eg oppdaga stadig noko nytt og spennande, og skildringane av stofftypar, fargar og utforming av plagga gav mange vakre bilde om dei ikkje var så skarpe.

Eg tok utgangspunkt i Krokanns «store hamskifte i bonde-samfunnet», overgangen frå ein sjølvbergingsorientert hushalds-økonomi til ein marknadsretta moderne kapitalistisk økonomi og dei sosiale og kulturelle endringane som følgte med. Krokann lét i den kjende artikkelen sin tekstilbruken symbolisere desse endringane ved å fortelje om guten som kom heim til jul og forsmådde dei heimлага kleda mora gav han: «Vadmelsklær kommer aldri på min kropp mere».<sup>1</sup> Den nye tida var komen; dei nye bymotane skulle følgjas, industri-produkta fortrengde dei heimelaga, og sjølvberginga var ikkje lenger idealet. Dette var delar av ei heil samfunnsomforming.

Tekstilar burde vere ein god inngang til å skildre «hamskiftet» fordi det er rimelig å tru at endringar i økonomisk tilpassing vil gje forholdsvis raske utslag når det gjeld bruk av tekstilar. Tekstilane dekker eit grunnleggande behov – alle treng klede – og endringane vil av praktiske grunnar kunne skje raskare enn f.eks. i heiminnreising eller byggeskikk.

Som Fernand Braudel seier:

«Klädedräftens historia (...) frammanar alla problemen vad gäller råvarorna, tillverkningssätten, inköpspriserna, den kulturella trögheten, modena och samhällshierarkierna.»<sup>2</sup>

Dei aspekta ved hamskiftet i tekstilbruken eg ville undersøke, var forholdet mellom heimeproduksjon og kjøp, korleis endringar i jordbruk, handel og kommunikasjonsmiddel kunne forandre tekstilbruken, tekstilbruk som kjenneteikn på endring av sosiale forhold og på kulturell og etnisk integrering, og sist, men ikkje minst, endringar i forbrukshaldningar når det gjaldt tekstilbruk. Her tar eg berre for meg nokre av dei sidene ved hovudoppgåva der eg brukte skiftematerialet direkte som kjelde.

Eg valte to tinglag som undersøkingsområde, «fiskarbondedområda» Astafjord i Sør-Troms og Øksnes på yttersida av Vesterålen. I begge bygdene var kombinasjonen fiske og jordbruk det sentrale, men mens hovudvekta låg på fiske i Øksnes, var jordbruk viktigare i Astafjord. Innafor tidsramma 1750-1900 valte eg å konsentrere meg spesielt om to undersøkingsperiodar, 1750-1800 og 1865-1900, slik at det var to bolkar som forholdsvis klårt kunne representere respektive «den gamle» og «den nye» tida.

### ***Kven sine klede, og kva slags klede?***

Eg skal ikkje gå gjennom dei metodiske og kjeldekritiske sidene ved oppgåva mi her, men kort referere dei viktigaste konklusjonane. Etter å ha samanhalde skifta med lovverket og individopplysningar i dei tilgjengelege manntala, folketeljingane og kyrkjebøkene, fann

eg at det var godt med eksempel frå «alle lag av folket» unntatt ungane, dei aller fattigaste og embetsmennene på 1800-talet. Om dei sistnemnte skreiv sorenskrivar Schultze: «De embetsmæn, som søge herop, reise sjelden afsted med den Tanke at dø heroppe.»<sup>3</sup> Samane var også bra representert i materialet, og ettersom eg i alt gjekk gjennom 1079 skifte som inneheldt tekstilar, meiner eg materialet gav eit bra grunnlag for å seie noko om korleis økonomiske, sosiale og etniske forskjellar kom til uttrykk gjennom tekstilbruken, trass i at tekstilar var blant dei gjenstandane som oftast blei haldne utanom skifteoppgjera.

Skifta gir minst informasjon om kledda til dei fattige og om kvardags- og arbeidsklede, men noko informasjon får vi. I eit skifte frå Øksnes frå 1756 vart f.eks. ei «ubrugelig» kledes bukse verdsett til 4 sk – like mykje som 5 torskeonglar eller ein tollekniv. Dette har sjølv sagt òg samanheng med den høge gjenbruksverdien tekstilar hadde. «Det er dårlig stakk som det ikkje er botingsvön i.» Dei heimeproduserte kledda er trulig òg underrepresentert – kanskje fordi dei ofte var kvardagsklede – men ikkje i så stor grad at materialet ikkje skulle kunne vise endringstendensar i forholdet mellom sjølvberging og kjøp. I materialet mitt ser det elles ut til at dei heimelaga tekstilane blei verdsett like høgt som dei kjøpte ved takseringa.

1800-talsmaterialet gir ikkje så omfattande opplysningar om kvar gjenstand som 1700-talsmaterialet, men dei supplerande kjeldene flyt til gjengjeld rikare, og dessutan er det svært mange vareoppteljingar frå krambukonkursar i registreringsprotokollane frå denne siste perioden.

### *Heimeproduksjon og innførsle*

Eg såg først på tekstilreiskapa i skifta. Det viste seg at hjulrokk og flatvev var forholdsvis lite utbreidd i desse områda på 1700-talet, trass i at dei var kjent. I den siste undersøkingsperioden auka tala på tekstilreiskap i begge bygdene.

Tabell 1: Talet på rokkar og vevar i Astafjord og Øksnes, også i prosent av mengda av skifte innanfor kvar periode.

Tekstilreiskap	1750-1800				1865-1900			
	Astafjord		Øksnes		Astafjord		Øksnes	
	antal	%	antal	%	antal	%	antal	%
Vevar	36	14,5	2	1,7	83	39,3	32	16,0
Rokkar	24	9,6	24	20,0	91	43,1	87	43,5

Kjelde: Skifteprotokollar for Astafjord 1753-1800 og 1865-1900 og skifteprotokollar for Øksnes 1743-1807 (minus lakune 1756-1776) og 1865-1900.

Tekstilreiskapa viste også at den mest varierte vevinga blei gjort i Astafjord. Ved å gå gjennom dei tekstilane som *måtte* vera heimelaga, grener, ryer, skinnhyr og plagg som blei skildra som «Hiemvævet» el.l. og dei som ut frå stoffnamna *sannsynligvis* var det, slik som «ulden», «halvuld», «stoffes» og «vadmél», blei inntrykket av den aukande heimeproduksjonen stadfesta. Først og fremst blei det laga meir ullklede til mannfolka. Det trong dei nok etter kvart som fisket blei meir intensivert og dei gjekk lengre ut med båtane sine.

Talet på plagg av tekstilar som m å vere importert til områda går samtidig tilbake, og materialbruken blir mindre variert.

Listar ein opp stoffnamna som finst i skifteprotokollane ser ein snart uttrykk for den sterke kontakten med resten av Europa. Mange embetsmenn klaga over det høge importforbruket. Ein av dei var sorenskrivar Thomæsøn i Senjen, som også førte inn skifta frå bl.a. Astafjord. Han skreiv i 1748:

«Jeg synes underdanigt at have Føye til at oplysliggjøre og forebringe om den skadelige Overdaadighed, som følger dette Lands Folk i Klædedragt; thi man seer, at gemeene Folk, synderlig af Quindekjønnet, ikke bruger andet til Helligdags Klæder end det, som er langt over deres Formue; de kand ei hjelpe sig med Vadmel og saadant, som de fleste Stæder i

Norge, saavel som i Danmark bruges, men her klæder de sig ej i andet end Catun, Collemanch, Dantziger Stoffer, Demit, fiint Lærret, Baand, Kniplinger, Silketørre-Klæder og deslige.»<sup>4</sup>

Tabell 2: Registrert materialbruk, oppgitt i plagg

Stoff- typar	1750-1800		1865-1900	
	Astafjord	Øksnes	Astafjord	Øksnes
heimevove	102	21	0	3
ull-, «ulden»	48	4	200	207
vadmål	68	55	155	127
«stoff»	70	63	42	39
lerret	120	55	93	109
sikker import	684	506	192	242
i % av sum	(62,6%)	(71,9%)	(28,1%)	(33,3%)
Sum	1092	704	682	727

*Kjelde: Skifteprotokollar for Astafjord 1753-1800 og 1865-1900 og skifteprotokollar for Øksnes 1743-1807 (minus lakune 1756-1776) og 1865-1900.*

Auken i heimevevinga og nedgangen i import utover 1800-talet blir også skildra i samtidige rapportar og skildringar. Sokneprest Normann i Trondarnes skreiv f.eks. i ei innberetning til amtmanen i 1829 at det då var fire gongar så mange vevar i bruk der som i 1806.<sup>5</sup>

At variasjonen i det som blei kjøpt minka, ser vi òg når vi samanliknar lista med stoffnamn frå 1700-talet med den frå siste del av 1800-talet.

Framgangen i heimevevinga heldt fram til 1880-1890-talet; då gjev dei offentlige rapportane inntrykk av ein stagnasjon eller tilbakegang.

Ein slik tilbakegang kan ikkje sporas direkte ut frå tekstilreiskapa i skiftematerialet, rimeleg nok, ein kasta ikkje veven om ein brukte han mindre, men det viser at bruken av fleire bymessige importerte og ferdigkjøpte plagg auka i 1880- og 1890-åra, noko

som også kan gje ein peikepinn om at heimeproduksjonen gjekk ned til fordel for importen.

Forutan at nye industriproduserte arbeidsklede som oljehyr og «færøtrøye» (islendar) blei tatt i bruk, ser vi at ungdommane pynta seg med frakk og kåpe, snipp, slips og hattar. På borda kom det voksdukar og for vindauga rullegardiner.

### ***Frå ytterkyst til fjordbotnar***

Analysen av skiftematerialet viste òg klåre skilnader på heimeproduksjon og kjøp mellom dei to bygdene. Som vi såg av talet på rokkar og vevar i tabell 1, var heimetilvirkinga meir vanlig i Astafjord enn i Øksnes i begge periodane, og sorteringa av plagg etter stofftype i tabell 2 viste òg at importen til Øksnes var større. Det kan òg illustreras ved å sjå på ein bestemt plaggtype, sjøhyret, kva tid ein går over frå å lage det av skinn til å kjøpe ferdigsydde plagg i olja lerret, oljehyr.

*Tabell 3: Fordeling av skifte med oljehyre og skinnhyre i Astafjord og Øksnes 1865-1900.*

Sjøhyr	Astafjord		Øksnes	
	skifte	i prosent	skifte	i prosent
oljehyr	7	17,5%	17	29,3%
skinnhyr	33	82,5%	41	70,7%
sum sjøhyr	40	100%	58	100%

*Kjelde: Skifteprotokollar for Astafjord og Øksnes 1865-1900.*

Det første skiftet frå Astafjord der ei oljetrøye er registrert, er i 1881, mens det alt før 1865 er «oljeklæder» i Øksnes-skifta. Alt i alt er det òg forholdsvis fleire oljebukser, -trøyer og -klæder i Øksnes. Der er òg oljebusserullar og oljefangskinn tatt i bruk. Det er oljehyr i 30% av dei Øksnes-skifta det er sjøhyr i, mens talet for

Astafjord er 18. I tillegg var det fleire gongar så mange oljeklede på krambuene i Øksnes i forhold til i Astafjord. Riktignok hadde handelsmennene i Øksnes ein større marknad i fremmendfiskarar enn det Astafjord hadde, men tidlig bruk av oljehyr kan peike mot at Øksnes var meir integrert i marknadsøkonomien enn det Astafjord var. Andre krambuvarer som «færøtrøye» og fabrikkysdde plagg var òg meir vanlig der.

Vi finn òg fleire forskjellar mellom ytterkysten og fjordane. Nokre av dei har samanheng med det lokale ressursgrunnlaget. I Astafjord var reinskinn meir i bruk. Det er trulig det knebuksene av skinn blei sydd av på 1700-talet, og skinna blei også brukt til sengklede – til underlag og som fyll i putene. Astøingane brukte også halm i sengene der vesterålingane brukte hø, men puter og dyner med fjær og dun i finn vi meir av på yttersida. I siste del av 1800-talet gir registreringa av sengkleda eit nytt teikn på at pengeøkonomien stod sterkare i Øksnes; her vart noko så moderne som springmadrassar tidligare tatt i bruk enn i Astafjord.

### ***Tekstilteknologi og -handverkarar***

Spørsmålet blir no kva årsakene kunne vere til auken og seinare stagnasjonen i heimeproduksjonen i løpet av 1800-talet og også korfor det var så tydelige forskjellar mellom Øksnes og Astafjord. Eg tok for meg ein del mulige svar på dei spørsmåla og prøvde å drøfte dei. Her skal eg først og fremst ta opp dei årsaksforklarin-gane der eg brukte skiftemateriale for å finne svar.

Først såg eg på dei tekstilteknologiske endringane. Det er liten tvil om at hjulrokk og flatvev effektiviserte arbeidet, så korfor tok ikkje folk i desse områda desse reiskapa i bruk før? Lensmannen i Øksnes meinte det kunne komme av plassmangel i de «indskrenkede» boliger»<sup>6</sup>. Det var då òg dei mest velstående med dei største husa som først fekk seg vev. Men innføringa av vev og rokk kunne

ikkje koplast til noka generell endring i storleiken på hus. Likevel – ein måtte ha plass for å sette opp ein vev og utkomme til å skaffe seg den. Skifta viser då òg at det var reint unntaksvis at innerstar hadde vev, og det var òg få husmenn som hadde vev.

Vidare leita eg etter tekstilhandverkarar for å finne ut om ei aukande profesjonalisering kunne bidra til ei forklaring av auken i tekstilproduksjonen. Denne gjennomgangen viste i alle fall at skiftematerialet supplert med andre kjelder som tingbøker og folketeljingar, kan gi eit nokså tydelig bilde av dei som i større eller mindre grad hadde levebrød av tekstilhandverket.

På 1700-talet ser vi at dei er knytta til sentra for handel og kyrkjeleg og verdsleg administrasjon og fann trulig den største marknaden sin hos dei «kondisjonerte». Eit eksempel er Golla Hveding frå Trondheim som var innlosjert i prestegarden på Ibestad i Astafjord og må ha fungert som Rolløyas «modist». Ho etterlet seg i alt 20 ferdige huver, 18 natthøllikar, 5 emne til huver og 3 til panneputer, fleire alen stoff av ulike slag, silke, kniplingar og band. Eit anna døme er skreddaren Peder Lorentzen som hadde «Skrædder Verktøy» som persejern, knappar, nåler og tråd av ulikt slag. Dei som dreiv med saum ser ut til å ha hatt det som eineyrke, dei hadde ikkje røtter i fiskarbondemiljøa. Det kan vi sjå av gjenstandslistene, heimstaden til arvingane og slektsnamna deira. Ser vi på det dei etterlet seg, ser ein at dei hørte til eit høgare sosialt sjikt enn fleirtalet. Etter to av dei mannlige skreddarane var det kjolar med vest, etter to av kvinnene blant anna ei pannepute med sølvsnorer, ei fløyels «Knæp taske», ei «Graditurs Soel Hætte», ei raud fløyels muffe med hermelin og ein brochert damaskes adrienne<sup>7</sup>, forutan perlearmband og -halsband.

I siste del av 1800-talet blei tekstilhandverkarane rekruttert frå allmugen og i større grad spreidd utover bygdene. Mange av dei kombinerte handverket med anna levebrød; vi kan f.eks. sjå av skifta at dei også hadde husdyr, båt og bruk eller annan handverksreiskap. Det var større variasjon i handverka, der var mange som strikka og spann, ei var maskinstrickerske, nokre vov, fleire

sydde komagar og skallar, der var også fellmakarar og ein fargar som òg hadde dotter si i arbeid.

Fram mot 1900 blei det atskillig fleire utøvarar i saumfaget. Symaskinen kom forholdsvis tidlig i bruk i begge bygdene. Singer tok patent på den første masseproduserte maskinen i 1851, og i 1876 blei den første symaskinen registrert i eit skifte i Øksnes, mens den første i Astafjord blei registrert i 1887. Øksnes var som vi ser «alltid foran»! Dei som åtte desse maskinene var anten velstående eller jord- eller bygsellause. Dette tyder på at symaskinen både var eit arbeidssparande reiskap for dei som hadde god råd, og eit nødvendig reiskap til å livnære seg med for andre som ikkje kunne hauste jorda, anten dei no arbeidde som skomakarar, skreddarar eller sydamer. Av gjeldsoversiktene i skifta ser vi at den siste gruppa ofte kjøpte symaskinen på avbetaling.

Folketeljinga for 1900 viser også at det særlig var mange kvinner som etablerte seg innafor saumfaget, og talet på lærlingar viser at saumen i større grad blei eit fag.

Sia det på det meste var så få som 1-2% av befolkninga som dreiv med tekstilhandverk, kan ein knapt nok finne ei delforklaring på auken i tekstilproduksjonen her. Men den auka profesjonaliseringa av saumfaget heilt sist på 1800-talet må sjåas på som ein indikasjon på auka pengeøkonomi. Allmugen betalte no spesialistar for å få sydd klede, og med aukande jordmangel ga symaskinen alternativt utkomme.

### ***Råstoff: ull og bomull***

Prosten i Lofoten og Vesterålen trakk fram aukande tilgang på råstoff som ei viktig årsak til at kvinnene var blitt så flittige, «muntre og aarvaagne»:

«Nu har man lært at opelske flere Faar, og forbedre Ulden ved den engelske Race som alle vegne er utbredt, og hvis Uld er lettere at arbeide end af spanske Faar, hvis Race neppe vil lykkes i denne fuktige og kolde Egn(...)»<sup>8</sup>

Ser ein på talet på sauer, samanhalde med overgangen til nye sauerasar, finn ein at auken i heimespininga og -vevinga ikkje kan skyldas at det blei meir ull rundt om på gardane. Men på 1800-talet tok bomulla over den rolla linet tidligare hadde spela og utvida den sterkt. Bomullsdyrkinga i Amerika og den veksande innanlandske bomullsindustrien gjorde bomullsprodukta billige og dermed tilgjengelige også for fattigfolk. Tilgangen på bomull må ha hatt mykje å seie for heimevevinga. Vi ser at tynt bomullsgarn, tvist eller «tvessgarn», vart ei vanlig vare i krambuskifta. Med bomullsrenninga kunne ein spare på både ulla og spininga og veve halvulltøy til formål der det ikkje var så nødvendig med heilull. Dette kan altså ha bidratt til auken i heimeproduksjonen.

## ***Handel***

Ein annan faktor, endringane av handelssystema, kan ein i stor grad følge gjennom gjeldspostane i skifta. Ein ser òg nøye samanhengar med tekstilbruken. På 1700-talet var tilgangen på tekstilvarer gjennom bergenshandelen, trondheimsborgarar og lokale gjestgjevarar svært god. Det er bergensgjeld i nesten alle skifta, og i dei frå Øksnes finn vi òg ofte heile handelsrekningar. Skifta etter lokale jekteskipparar og gjestgjevarar viser også noko av vareutvalet lokalt. Vi finn òg spor etter kontakten austover; her er russeleirret, «Pettersborg dug» og «østerlandsk væhr», og når russemattene var tømte for mjøl, fungerte dei som bolster i sengene.

Handelsblokaden av Danmark-Noreg kom etter ei økonomisk nedgangstid for undersøkingsområda og samtidig med uår, og førte til rein naud. Det vart vanskelig både å få kjøpt noko og å ha noko å kjøpe for, så det er ikkje merkeleg om tekstilarbeidet auka då. «Nød lærer naken kvinne å spinne.» Kommenterar frå fleire samtidige embetsmenn støttar dette.

Først på 1800-talet fekk vi òg ei omlegging av heile handelssystemet. Tekstilane blei dyrare og fanst i mindre utval enn før

etter at Oslo hadde «segla forbi» Bergen som importby nummer ein på dette området.

Då handelen blei frigjort frå 1868, kan den igjen ha vore med på å endre forbuksmønsteret. Etter kvart som bygdene lausreiv seg frå bergenshandelen, blei det mindre bytthandel og meir av kontante pengar. Skiftene viser dette, og også at bankane får vek-sande betydning som kredittinstitusjonar. I dei to bygdene blei det svært tett med krambuer i forhold til folketalet. Så gjekk då mange av dei konkurs, og vi sit igjen med gode kjelder om kva dei selte. Forutan ein del nye tøykvalitetar finn vi forholdsvis mange ferdige plagg og også meir halvfabrikata som strikke- hekle- og vevegarn, til dels ferdig tvunne og farga.

«(...) Pengene klirret i alle hænder. Kvindene rotet og grov i nye Tøier og ferdige Bluser, Koner og Piker like henrevne, like perverst opspilet av al denne pragt, av Musseliner og saakaldt Silke fra Sveits. Det var en Orgie, en Tjenestepikenes Fest.»<sup>9</sup>

Slik skildra Hamsun krambua. Kommunikasjonsutviklinga gjorde sitt til at utvalet kunne vere så bra.

### ***Frå region til nasjon?***

Gjennomgangen av tekstilane som var registrert i skifta på 1700-talet har vist at prost Colban sin påstand om at øksnesværingane var så isolerte at dei hadde vore «ubekjent med tidens Overdaadighed og Pragtsyge»<sup>10</sup> ikkje kan stemme heilt. Både der og i Astafjord var kontakten med Bergen og Trondheim via kjøpmennene så god at moderne tøysortar og drakttypar fann vegen nordover.

Men ein del av 1700-talstekstilane hadde røter svært langt bak i tida. Mennene si påkledning viser kanskje tydeligast tradisjonen: den grå sekkekofta med tilhørande vide lerretsbukser og skinnhatt med brei brem og rødhuva under var, for å sitere Leopold von Buch, «Den karakteristiske dragt for Nordlands fiskere»<sup>11</sup>. Desse kledda vart i lag med skinnhyret, semskaskinnsbuksene, nattøya,

vevlungane og brystduken forlatt i den andre undersøkingsperioden. I staden kom oljehyr, stortrøye, langbukser, «færøtrøyer», pulsvariantar, kasjetthuver, stråhattar og vestar. Fleire av desse endringane i klesdrakt kom for alvor dei siste par tiåra av 1800-talet. Det gjaldt for ein stor del plagg frå den nye konfeksjonsindustrien.

Det er vanskeligare å finne så lange tradisjonar for kvinneklede på 1700-talet som det vi har sett hos mennene. Ein av grunnane er nok at skiftematerialet er ein for snau kjelde for dei plagga som kan ha dei eldste tradisjonane, slik som pannelinet, skjørtet og trøya. Elles viser skifta at samtidig mote blei følgd både på 1700- og 1800-talet. På 1700-talet brukte vanlige folk kulørte cattunar, kirseie, kollemanch og andre moderne tøysortar frå kontinentet. Men draktskikken i områda var ofte litt på etterskot i forhold til dei rådande motane; mellom anna kan panneputene, liva og nattøyene sjåas på som etterslep etter 1600- og tidlig 1700-tals mote.

På 1800-talet brukte kvinnene i større grad enn før heimevovne halvulltøy, men skorne i moderne fasongar. Ferdigkonfeksjonen kom også med dameklede sist i århundret, ein fekk kjøpt damejakker og -vestar på bua, dessutan kåper, «halsbrus» og kragar.

Når det gjeld sengklede, ser vi igjen forskjell mellom dei to bygdene. Etter Eilert Sundt sine omgrep kan ein seie at astøingane enno heldt seg i den eldste sengetypen, «skinnfellsenga», mens øksnesværingane var på veg over i den yngste, «dynesenga», men brukte òg den mellomste «åkle-senga» med rye i.<sup>12</sup>

På 1700-talet var det mest berre rikfolk som hadde andre tekstilar enn dei dei kunne kle på seg eller ligge i. Hos overklassen derimot, finn vi velfylte lintøyskap, sengeomheng, gardiner, dukar, serviettar og handkle.

På 1800-talet blei innreiingstekstilar òg tatt i bruk hos allmugen, men ikkje same typane som det dei rikaste hadde. Hos folk flest var voksdruk og rullegardiner meir vanlig enn dreielsdukar og kappegardiner, for ikkje å snakke om antimacassa<sup>13</sup>, golvtepper og brødkorgserviettar. Likevel var det husmenn som åtte både dreielsdukar, handkle og golvmatter. Hos handelsmannen og lens-

mannen ser vi konturane av klunketidas lune heiminnreiingsideal, og heller ikkje allmugen var heilt upåverka av dette.

Den kontinentale moten er blitt følgt nøye i undersøkingsområda i begge hundreåra. Kor moderne folk gjekk kledd, var avhengig av sosial status og økonomisk evne, men også allmugen lot seg påverke av skiftande moteretningar i dei store byane. Den sterke marknadstilknyttinga viste seg i at både motar og tøy blei importerte.

Men 1880-åra innleidde ein ny fase i tekstilbruk, no skjedde dei typologiske endringane raskt, samtidig som industriproduksjonen førte til ein nedgang i heimetilvirkinga. Dei nye motane fekk gjennomslag hos *fleire* enn tidligare, og dei unge var snarast til å ta i bruk dei mest moderne plagga. Kulturpåverkingane kom raskt og systematisk med faste, standardiserte normer for korleis kledda skulle sjå ut. Dette var eit teikn på kulturell integrasjon. Astafjord og Øksnes var i ferd med å bli delar «av ein større samanheng», som Krokann uttrykte det.<sup>14</sup> Og det var på ytterkysten ein først forkasta det gamle.

### ***Endringar i sosiale mønster***

I skifta frå 1700-talet ser det djupaste sosiale skiljet ut til å gå mellom embetsmenn og handlande på den eine sida, og resten av folket på den andre. Sjøvsagt var det òg ulikskap i kva folk frå allmugen hadde råd til, men ut frå skifteprotokollane ser det ut til at variasjonen ikkje var så stor.

Storkarane skilte seg ut ved at dei hadde parykk, pels, roquelaure, sartout, slafrok, adrienne, modest og salup<sup>15</sup>, altså *andre og meir moderne tekstiltypar* enn resten av befolkninga. Overklassen skilte seg også ut ved å ha *fleire* tekstilar, *dyrare og meir eksklusive stoff* som silketaft og «østerlandsk væhr» og ved at plagga hadde spesiell dekor som brosjerte eller gråverkskanta kåper eller sengklede med kniplingar og sprang.

Innanfor allmugegruppa var skilnadene få. Dei mest velståande

skilte seg først og fremst ut ved at dei hadde fleire plagg eller sølvknappar, gjerne myntar, på brystet, nokre kunne òg ha kjole, vest eller modest, men tydelige skilje innanfor denne gruppa kan ikkje sporas ut frå tekstilane i skifta.

Ytre sett, og grovt sett, må allmugen på kyrkjebakken i denne tida ha verka som ei nokså einskaplig gruppe, noko òg samtidige kjelder stadfestar.

Skifteanalysen viste at også i 1700-talets Øksnes og Astafjord hadde kleda vore viktige teikn på «stilling og stand». Dei dundrande konkursane til fleire av gjestgjevarane er òg eit teikn på at dei ytre, men kostbare sosio-kulturelle symbola vart prioritert høgt.

I det neste hundreåret fekk vi fleire representantar for fleire sosiale grupper, både ved ei yrkesdifferensiering og ved at nye yrke kom til. Skifta skil mellom gardmenn, gardbrukarar, leilendingar eller bygselmenn, plassbrukarar, kårfolk, husmenn, strandsittarar og innerstar. Folkeauken og endringane i jordeigedomsforholda førte til ei oppsplitting av jordbrukargruppa og til at fleire ikkje hadde tilgang på jord. Samtidig gjekk det føre seg ei aukande arbeidsdeling i samfunnet.

Dei nye yrka kan delas inn i to hovudkategoriar. Den eine er immaterielle yrke eller funksjonæryrke som kontorist, kyrkjesongar, telegrafist og postfører. I den andre gruppa er handverkarar i yrke som i og for seg ikkje er nye, men som har endra seg. Handverkane blei *fleire* og meir spesialiserte. Lønna til desse blei i stor grad utbetalt i pengar. Slik kunne skomakaren i Hamnvik i Astafjord ha innreiingstekstilar i stua si som kunne måle seg med dei lensmannsenka hadde. Skiftene seier lite om kva dei nye handelsmennene hadde på seg. Såg ein berre på skifteprotokollane kunne ein komme til å tru at dei aldri døydde, dei berre gjekk konkurs. Men vi får vite kva sengkleda og innreiingstekstilar dei hadde, og registreringa viser tydelig forskjellane mellom rommet til tenestejentene og gjesterommet. Dei offentlig tilsette som måtte reknas til storkarane på denne tida er det som nemnt ikkje skifte etter fordi dei endte sine dagar lengre sør.

Hovudinstrykket av allmugen sin tekstilbruk er enno sist på 1800-talet nokså heilskaplig. Det er liten forskjell mellom sjølv-eigarar og leilendingar, viss ein ser bort frå ein viss tendens til at sjølvveigarane har fleire og meir kostbare tekstilar, f.eks. dundyner, silkeplagg, trøyer av klede og duffel, ikkje berre vadsmål, og fleire skinnfellar enn leilendingane.

Då er skilnaden til husmenn, strandsittarar og innerstar større. Desse er meir moderne kledde – i oljehyr, busserull og ferdigkjøpte strikkatrøyer, og dei har samtidig færre tekstilreiskap. Det er tydelig også ut frå materialval at mykje vart kjøpt på bua.

Representantane for dei immaterielle yrka på 1800-talet må utan tvil ha skilt seg ein del ut frå mengda på kyrkjebakken. Telegrafbodet kunne komme i blå dress og vårfrakk, med snipp og kravebryst med gullknapp i, mansjettknappane var «berre» av sølv, svingande på den eine av dei to spaserstokkane han åtte. Kanskje slo han av ein prat med kyrkjetenaren som, viss han ikkje brukte bonjouren, kunne ha lyse, rutete bomullsbukser under frakken, eit silkeskerf i halsen og ein kalott på hovudet. Om vinteren stilte han gjerne i den skinnföra frakken eller i pelsen og med skinnvottar på hendene.

Men om kvelden la telegrafbodet seg under ein skinnfell, og heime hos kyrkjetenaren hang blant anna skinnhyr med fangskinn, busserull og ei vadmålsbukse med skinnlappar. Likeeins blir eit par luggar<sup>16</sup> og to svarte bonjourar nemnt så og seie i same andedrag i skiftet etter kyrkjesongaren. Forskjellen mellom desse og dei som arbeidde i primærnæringane var tydelig, men ikkje enorm.

Ungdommane var utan tvil dei mest moderne å sjå til når dei var pynta, med frakk eller kåpe, snipp, slips og hattar, og skifta viser større variasjon i materialbruk en hos dei meir veletablerte, altså kjøpte dei meir.

Det ser dermed ut til at det var dei som hadde mest kontante pengar mellom hendene, som ikkje hadde tilgang på jord og som hadde dårligast vilkår for å drive heimeproduksjon, som blei dei nye moteløvene. For ein del av dei sveisne ungarane i Astafjord

var det nok meir snakk om ei livsløptilpassing enn ein ny permanent kultur. Slik sett hadde dei sosiale skilnadene innanfor fiskarbondegruppa enno ikkje endra karakter i særleg stor grad.

Dei som brukte jord var framleis i fleirtal, og i denne gruppa var den sosiale jamvekta stor med omsyn til tekstilbruk. Men overklassa var blitt ei større og meir heterogen gruppe som ikkje skilte seg så klårt ut frå «den gemene hop» som tidligare. Som ein heimvendt norsk-amerikanar sa: «Kor all' storkaran e' vørten av? Alt folk går jo likt kledd!»<sup>17</sup> Den nye gruppa med folk i tertiærnæringa var enno lita og avgrensa til eit administrasjonssentrum. Men gjennom tekstilbruken kunne ein skimte konturane av dei nye sosiale grensene.

### ***Endringar i samisk drakt***

Eg prøvde også å sette bruken av samiske tekstilar inn i eit «hamskifte»-perspektiv. Spørsmåla var om den samiske draktskikken endra seg slik den norske gjorde, og viss den gjorde det, var det fordi dei generelle samfunnsendringane verka like sterkt på samisk kultur som på norsk, eller var det fordi diskrimineringa av samar meir eller mindre tvang folk til å legge av seg dei ytre etniske kjennemerka som særleg gangklede var?

Det ser ut til at samane i mindre grad enn dei fleste andre dreiv intensivt eksportfiske. Frå gjeldspostane i skifta går det fram at samane på 1700-talet var sterkare knytta til lokale enn til ekslokale kjøpmenn, i motsetnad til bumennene. Og i berre 1/5 av dei samiske 1800-talsskifta frå Astafjord har eg funne bruk eller gjeldspostar som viser at fisket har vore drive som noko meir enn heimefiske. Reiskapa og andre gjenstandar i skifta viser at det typiske var ein kombinasjon av *mange* næringar, jordbruk, fiske, reinsdyrhald og handverk, og ingen skifte viser intensivering av berre *ei* næring. Likevel var nok samane i Øksnes meir knytta til fisket enn dei som budde i Astafjord.

Dei svake spora etter sjøsamisk draktskikk i 1700-talsskifta frå Øksnes finn vi ikkje igjen sist på 1800-talet, mens sameklede i Astafjord ikkje gjekk ut av bruk. Sia handelskontakten ut av bygda var svakare enn blant bumennene, kunne ein tenke seg at dette kunne ha verka til å konservere den samiske draktskikken. Men skifta viser at importerte stoff og tekstiltypar også var mykje i bruk blant samar.

Materiala til den samiske høgtidsdrakten blei kjøpt, og folk hadde både tilgang på og god kjennskap til motedrakten. Det må ha vore eit ønske om å følgje den samiske klestradisjonen som har vore avgjerande for at samane i fjordbygdene heldt fram med å bruke samiske klede, riktignok etter kvart supplert med kalosjar, kasjetthuver, paraplyar og andre «modernitetar», mens den vesle samiske befolkninga i Øksnes først og fremst «kasta kofta» som ein følgje av fornorskingspresset, men kanskje forsterka av ei sterkare integrering i marknadsøkonomien.

### ***Skinnhyr og parykk***

Eg vil avslutte med å referere frå eit skifte frå 1779 etter Nils Torbergsen på Våje i Øksnes. Det kan illustrere det eg oppfattar som to hovudlinjer i nordnorsk tekstilhistorie.

Nils Torbergsa var fiskar og småbrukar, og då skatteevna hans blei vurdert i 1767, blei han klassifisert som «fattig». Då han døydde hadde nok levekåra betra seg, for etter at gravferda og gjelda til handelsmannen var betalt, var det til og med eit lite overskott igjen til enka og dottera, så dei fekk behalde kua, (som forresten bar namnet «Deilig»), eit lam og to kje.

Registreringa viste at Nils forutan dei vanlige klede for mannfolk der og då, som grå vadmålskofte og sjøhyr av skinn, også hadde hatt eit av dei mest typiske moteplagga for menn i rokokkoens århundre: ein parykk. Han var ikkje den einaste, andre øksnesværingar hadde parykkar av saueskinn og ullgarn.

Den nordnorske tekstilhistoria handlar på den eine sida om rik tilgang til kulturimpulsar utanfrå, på den andre sida om tilpassing

til og bruk av kystlandskapet. Dei importerte og «heimestrikka» sidene av kulturen var innvevd i kvarandre på same måten som den importerte bomullsrennninga og innslaget av heimspunne garn i verkenstøyet. Variasjonen i import i forhold til heimeproduksjon fortel om fleksibiliteten i fiskarbondøkonomien. Tekstilhistoria ligg i eit spenn mellom natur og kultur der fisken i havet skaffa silketørkle og damaskhuver, og sauene og geita gjennom landressursane skaffa bruksklede av ull og skinn som gjorde det mulig å ta opp fisken av havet.

### ***Notar***

<sup>1</sup> Elstad 1991.

<sup>2</sup> Krokann (1942), 2. utg. 1976, s. 98-99.

<sup>3</sup> Braudel 1982, s. 277.

<sup>4</sup> Schultze 1865, s. 56.

<sup>5</sup> Thomæsøn (1748), utg. 1903, s. 6.

<sup>6</sup> Amtmannsarkivet for Finnmark, Statsarkivet i Tromsø.

<sup>7</sup> Årsmeldingar til futen 1851-55 og 1855-60, Øksnes bygdemuseum

<sup>8</sup> Adriennen var ein lausthengande kjole frå rokokkotida.

<sup>9</sup> Colban (1814) 1818, s. 30.

<sup>10</sup> Hamsun (1915) 1933, s. 123.

<sup>11</sup> Colban (1814) 1818, s. 65.

<sup>12</sup> von Buch 1813, sitert etter Amund Helland 1908, s. 207.

<sup>13</sup> Sundt (1869), utg. 1975, s. 236-239.

<sup>14</sup> Lite tøyestykke lagt over ryggen på stoppa stolar for å lettare halde dei reine.

<sup>15</sup> Krokann (1942), utg. 1976, s. 18.

<sup>16</sup> Roquelaure er ein slags frakk, og har namn etter hertugen av R. Sartout er også eit ytterplagg for menn, ein variant av kjolen. Modest er eit kvinneplagg, eit slag som skulle dekke utringinga på kjole. Salupen blei også brukt av damer, det var ei kort, ermelaus slengekappe.

<sup>17</sup> Heimlaga vinterfottøy, tjukke ullstrømper med vadmålskaløsring og tjukk ullsole.

<sup>18</sup> Sitatet er henta frå Coldevin 1989, s. 242.

## Litteratur

- Elstad, Åsa: *Nye tider – nye tekstilar? Tekstilar og samfunnsendringar i Øksnes og Astafford 1750-1900*. Hovudoppgåve i historie, Tromsø 1991. (Ei popularisert utgåve vil bli utgitt på Orkana forlag i 1996.)
- Krokann, Inge: *Det store hamskiftet i bondesamfunnet*. (1942), 2. utg. 1976.
- Braudel, Fernand: *Det möjligas gränser. Civilisationer och kapitalism 1400-1800. Bd. 1: Vardagslivets strukturer*. Svensk utg. Stockholm 1982.
- Schultze, Hans: *Fra Lofoten og Solør*. Chra. 1865.
- Thomæson, W.: *Fra gamle dage*. (1748) Utg. 1903.
- Colban, Erik: *Forsøg til beskrivelse over Lofodens og Vesteraalens Fogderie i Nordlands Amt*. Datert 1814, trykt i Trondheim 1818.
- Buch, Leopold von: *Travels through Norway and Lappland during the years 1806, 1807 and 1808*. Omsett av John Black, London 1813.  
Siert etter Amund Helland: *Norges Land og Folk. Nordlands Amt. Bd. II*. Kra. 1908.
- Hamsun, Knut: *Segelfoss by*. (1915). Utg. 1933.
- Sundt, Eilert: *Om renlighetsstellet i Norge*. (Kra. 1869.) Utg. 1975.
- Coldevin, Axel: *Jordegods og storgårder i Nord-Norge*. Ny rev. utg. 1989.